

Første vaskesetel:

Dag Jørund Lønning:

Jordboka II. Nærmare naturen



«Me er på rask veg mot *Dystopia*. Katastrofelandskapet. Landskapet der mennesket utslettar seg sjølv og det meste av livet rundt seg. Kvifor? Fordi me konsekvent har avvist det motsette, *Utopia*, det berekraftige menneskesamfunnet, som «urealistisk».

Me har dyrka lagnadstrua og fornekta at mennesket er eit veljande vesen. Fornekta at det går an å velja annleis i dag og i morgon enn det ein gjorde i går.

Dette skal vera ei bok om nettopp det, om å velja annleis. Om å velja naturen, mangfaldet, den evige fornyinga. Ja rett og slett *livet*.»

Slik startar professor Dag Jørund Lønning si andre bok om den levande matjorda.

Den første [Jordboka](#) har skapt stort engasjement og brei interesse for det fantastiske biologiske samspelet i molda og for korleis menneske kan spela på lag med dette.

Jordboka II søkjer endå djupare i denne materien. Her er nokre av dei store spørsmåla boka prøver å svara på:

- *Kva er eigentleg natur? Har natur vilje og retning? Og kva betyr det å koma «nærmare naturen»?*
- *Kvifor øydelegg me naturomgivnadene våre når me veit at me er 100% avhengige av dei?*
- *Kva er samanhengane mellom den verdiskaping som skjer under bakken og den som skjer over? Korleis verkar eigentleg dei fantastiske, skapande*

kreftene i molda, og korleis kan me bruka våre eigne evner til leik og kreativitet som verktøy for å utnytta potensialet i desse kreftene betre?

- *Korleis byggjer me mold og biologisk mangfald? Kva er det å nyskapa med mold som ressurs? Kan me få plantane og livet rundt oss til å veksa og trivast utan andre innsatsfaktorar enn dei som finst i nærområdet vårt?*

I ei økologisk krisetid presenterer boka eit tydeleg program – praktisk og filosofisk – for eit fundamentalt skifte: Mennesket kan endå gå frå å vera naturødeleggjar til å bli naturbyggjar. *Naturnærprinsippa* som Jordboka II utviklar, kan brukast både i matproduksjonen og i anna naturavhengig næring. Lesaren får og presentert ei rad konkrete eksempel på naturnære produksjonssystem både i stor og liten skala.

Naturnærprinsippa spenner frå konkrete dyrkingstips i hage og åker til forsøk på meir overordna å klargjera mennesket sin potensielt naturbyggjande funksjon. Prinsippa skal vera enkle å gjennomføra, men samtidig kjennast djupt meiningsfulle. Enkeltmennesket må kjenna eigarskap til miljøutfordringane i tida og kunna svara på dei med utgangspunkt i eige liv og lokalmiljø. Dette er einaste farbare veg ut av uføret me har kome i.

***Jordboka II. Nærmare naturen* blir lansert på ein stor konferanse på Bryne 15 og 16 mars 2019.**